

**KONTROLLUTVALET I
NORDDAL KOMMUNE**

MØTEBOK

Møtedato: 23. mars 2010
Møtestad: Norddal Rådhus kl 14.00

Møtet vart leia av: Arne Sandnes.

Elles til stades:
Signe Brenna og Frank Iversen

= 3 voterande

Frå Norddal kommune møtte avdelingsingeniør Lars Småge i sak 14/10.

Frå kontrollutvalsekretariatet møtte dagleg leiar Harald Rogne.

Sakene vart behandla i denne rekkefølga:

**SAK 14/10
OM BYGGELØYVER I KOMMUNEN**

Orientering gitt av avdelingsingeniør Lars Småge.

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet ber rådmann om ei skriftleg orientering om korleis kommunen vil forhalde seg til byggjeaktivitet på campingplassar (oppføring av bygg /anlegg /innretningar der det ikkje ligg føre søknad) i tida fram til eit regelverk er godkjent.

**SAK 10/10
GODKJENNING AV MØTEBOK FRÅ MØTE 12. FEBRUAR 2010**

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

1. Møtebok frå møte 12. februar 2010 blir godkjent
2. Kontrollutvalet vil i eige møte med ordførar tilstades behandle tema frå kommunestyremøte 18. mars 2010.

**SAK 11/10
PLAN FOR SELSKAPSKONTROLL**

Saksutgreiing frå kontrollutvalsekretariatet datert 17.03.2010.

Kontrollutvalet si samrøystes innstilling:

Det blir gjennomført ein eigarskapskontroll i samsvar med kontrollutvalsforskrifta § 14 første ledd d.v.s kontrollere om den som utøver kommunens eigarinteresser i selskaper gjer dette i samsvar med kommunestyret sine vedtak og forutsetningar. Denne kontrollen gjeld ikkje selskapa som sådann, men utøvinga av eigarstyringa.

**SAK 12/10
KONTROLLRAPPORT 2009 VEDKOMANDE
SKATTEOPPKREVJARFUNKSJONEN I NORDDAL KOMMUNE**

Saksutgreiing frå kontrollutvalsekretariatet datert 17.03.2010.

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet tek kontrollrapport vedkomande skatteoppkrevjarfunksjonen i Norddal kommune datert 12.02.2010 frå Skatteetaten til orientering.

**SAK 13/10
OM KR D SI ARBEIDSGRUPPE FOR STYRKING AV EIGENKONTROLLEN I
KOMMUNANE**

Saksdokument frå kontrollutvalsekretariatet datert 17.03.2010.

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet tek saka til orientering.

Arne Sandnes
leiar
(sign.)

Signe Brenna
medlem
(sign.)

Frank Iversen
medlem
(sign.)